



Tingvoll, 7.2.2022

Tingvoll kommune
postmottak@tingvoll.kommune.no

OFFENTLEG ETTERSYN – SØKNAD OM AKVAKULTURANLEGG FOR MATFISK AV TORSK I ÅLVUNDFJORD I TINGVOLL KOMMUNE - FRÅSEGN

Nordmøre Torsk AS/Gadus har søkt om å få drive oppdrett av torsk på lokalitet Ålvund.

Vi har sendt høringsfråsegn dagsett 19.1.2022, på grunnlag av eit sterkt sladda dokument som låg på høyring. Vi kjem no med ei tilleggsfråsegn på grunnlag av meir fullstendig informasjon frå søkjar.

Konsekvensutgreiing

Det må takast stilling til om det må til konsekvensutgreiing før det er mogleg å handsame saka. Naturvernforbundet meiner det er fleire grunner til at konsekvensutgreiing er nødvendig. Vi vil peike på følgjande:

1. Sjøområdeplan

Sjølv om sjøområdeplanen hadde ei form for konsekvensutgreiinga i si tid, meiner vi at den er ufullstendig og overflattisk. Vi har grunn til å tru at det den gongen mangla ein del kunnskap vedkomande påverkningsrisiko av ville torskebestandar. Historia for torskeoppdrett var på den tida ein annan enn den er no. Vidare blei det opplyst på folkemøtet i Sunndal at fjordis ikkje hadde vore tema. Dette er spørsmål som nødvendigvis treng meir utgreiing, og denne utgreiinga bør ikkje vere utført av søkjar.

1990				
1991	KONSEKVENSTREDNING			
1992	TEMA	VURDERING	DATAKILDER	KONSEKVENS
1993	Miljø og naturressurser			
1994	PL-anformål land	LNRF-område. Spredt boligbebyggelse. Områder med bevaring av naturmiljø (560).		
1995		Hyttefelt i Sunndal kommune ca 1,5 km unna.		
1996	Bestander av anadrom laksefisk	20 km fra Surna. Nasjonalt laksevassdrag.		
1997	Laksehus		Lusedata.no	
1998	Lakserømming fra merder		Fiskeridirektoratet.no	
1999			Laksefakta.no	
2000	Landskap	Ingen spesielle.	Tingvoll kommune.	
2001	Kulturminner/kulturmiljø	Ingen.	Kulturminnesok.no	
2002	Tilstøtende arealer	I sjø: Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (6001), og		
2003		Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller uten tilhørende strandsone (6800)		
2004		Områder med bevaring av naturmiljø (560)		
2005	Strandsone og lokale vassdrag	Ingen merknader.		
2006	Klima	Liten påvirkning.		
2007	Gyteområde	Gyteområde midtfjords i Halsafjorden, arealet berører ikke det.	Fiskeridirektoratet.no	
2008				
2009	Naturvernområde	Ingen i sjø.		
2010	Naturmangfold	Ingen relevante registreringer. Mange plantearter.Reker, sild og brisling.	Naturbase.no	

2011	Helse og trivsel			
2012	Forurensning/bunn	Lite forurensning på bunn.	MOM-undersøkelser	
2013	Forurensning/støy	Noe støy, jamfør bestemmelse.		
2014	Forurensning/lys	Lite lyspåvirkning, jamfør bestemmelse.		
2015	Frihultsliv, rekreasjon, tilgjengelighet	Ferdsl mntil 20 m og fiske mntil 100 m fra overflatestrukturer.	Forskrift FOR-2008-06-17-822	
2016	Frihultsliv, strandsone	Strandsone noe berørt.		
2017	Frihultsliv	Ingen statlige sikrete frihultsområder.	Miljøstatus.no/frihultsliv	
2018	Folkelulise	Noe negativ påvirkning.		
2019	Næring og transport			
2020	Næringsliv og sysselsetting	Oppdrett gir arbeidsplasser.		
2021	Ferdsls- og trafikksikkerhet	Hindrer ikke ferdsl.		
2022	Havner	Ingen hindring for havner i nærheten.	Kr.sund og Normøre havn IKS.	
2023	Kilenoter	Ingen kilenot registrert.	Merknad fra folkemøte.	
2024				
2025	Fiske: aktive redskaper (reketrål)	Overlapper delvis et langsgående reketrålfelt (midtjords). Avbotende tiltak.	Fiskeridirektoratet.no	
2026	Passive redskaper (gar, line, lukse)	Arealet ligger på fiskeplasser for passive redskaper. Avbotende tiltak.		
2027	Låsettingplass (for sei, sild bl.a)	Ingen.	Fiskeridirektoratet.no	
2028	Infrastruktur			
2029	Teknisk infrastruktur	Det er vei i området. Landstrøm skal benyttes, se bestemmelser.	Tingvoll kommune.	
2030	Tilgang til lokaliteten.			
2031				
2032	Risiko- og sårbarhetsvurdering			
2033	Skredfare/grunnforhold	Lav til moderat fare for jord- eller snøskred.	Skrednett.no	
2034	Vær og vind	Lav til moderat bølgehøyde.		
2035	Sjøstrøm	Nordøstlig lav til moderat strøm. Lavere nærmere land.	Sintef (SINMOD)	
2036				
2037	Annat			
2038				
2039	Samlet vurdering			
2040		Egnet som oppdrettslokalitet, avbotende tiltak må benyttes.		
2041		Positivt for kommunen/arbeidsplasser.		
2042	Avbotende tiltak:	Samarbeid med fiskere for å finne plass til akvakulturfortøyninger.		
2043	Avbotende tiltak:			
2044	Konfliktpotensiale	Noe konfliktpotensiale.		
2045	Konklusjon - oppsummering	Arealet tas inn i planen.		

Frå KU-dokumentet ved handsaminga av sjøområdeplanen 2017.

2. Registreringar av natur

Søklar sin oppfatning av artsmangfaldet i området er i eigenvurdering om KU omtala slik: «*Naturbase har ingen registreringar av arter av nasjonal forvaltningsinteresse i det aktuelle sjøområdet.*» Det bør nemnast at det kjem opp to registreringar, appelsinstrek og nordflaggermus. Den første har registreringspunktet ute i sjøen. Viss ein biolog får sjå litt nærare på den, så vil det nok vere mogleg å avklare den litt. Nordflaggermus er raudlista VU. Flaggermus blir påverka av lys. Når konseptet for torskeoppdrettet går ut på å bruke lys i anlegget, er det noko som treng utgreiing. Når torsken let seg lure av lys, kan det jo vere at flaggermusa også blir det. Det er også registrert storskarv (NT) i området.

Ei øving er å tenkje etter kva artar som bruker å vere på ein slik plass. Når ein kjem til flomålet så vil ein møte ein del algar. Det er mykje mogleg det berre er dei vanlege, men det er det ingen som har undersøkt. Når ein kjem seg ut i sjøen, bruker det å vere ein del fiskeartar. Går det t.d. laks langs land her? Busette seier noko om at det er i dette området dei bruker å fiske. Kva fiskeslag er det tale om? Det blir også sagt at torsk fiska i området har rogn og mjølke når rette tida er der. Over vassflata er det registrert siland og gråhegre. Truleg er det fleire badefuglar som held til i området frå tid til annan. Ærfugl (VU) kanskje? Årsaka til at slike artar ikkje er nemnt er nok helst den at det ikkje har vore biolog som har kartlagd denne staden anna enn langs vegen og på andre sida av vegen. Då kan ein heller ikkje vente at ein får opp så mykje ved søk i databasane.

Det er ikkje sikkert det har avgjerande verknad i saka, men det må vere vesentleg meir av slik kunnskap i ei sak som dette. Når søklar truleg er flinkare med andre ting, bør ein få utført ei konsekvensutgreiing av nokon som kan det. Når verksemda betalar 120 000 kroner i gebyr for å få saka handsama for konsesjon, bør det vere rimeleg å bruke ein liknande sum til kartlegging.

Ved søk etter ålegrasslekta i Sunndal, Surnadal og Tingvoll kommunar får ein opp 7 registreringar. I Stangvikfjorden er det registreringar i Torjulvågen, ingenting lenger inn. 3 av observasjonane er gjort av Statsforvaltaren, resten kan sjå meir tilfeldige ut. Det er sannsynlegvis fleire lokalitetar i dette fjordsystemet. Kvar dei er hen kan ha interesse for denne saka og bør klarleggast. Samtidig bør ein

kanskje vurdere dette med tareskog litt nærare. Lenger ned peikar vi på at det kanskje ikkje er kartlagd så mykje i den delen av fjordsystemet der det ikkje er aktuelt med tamlaks.

3. Forbruk av fôrressursar

På folkemøtet i Sunndal 26.1. presenterte Gadus Group seg med at dei skulle «*Sikre verden tilgang på nok mat på en berekraftig måte*». Oppdrettsfisk må i tilfelle ete mat som vi menneske ikkje kan nytte oss av viss dette skal vere tilfelle. Om dette ikkje er tilfelle så vil verda få tilgang til mindre mat, ikkje meir. Dette er eit spørsmål som kan vere sentralt når ein skal avgjere saka.

Søkjjar seier at dei bruker vesentleg meir fôr med marint opphav enn det som er vanleg. Laksenæringa har dei seinare åra auka andelen som ikkje har marint opphav grunna for liten tilgang av fôr med marint opphav. Når mindre bruk av soya blir vist til som ein fordel når ein skal vurdere om søknaden skal føre til ein konsesjon, er det nødvendig å få klarlagt meir om det. På møtet i Sunndal blei det opplyst at avskjær frå lakseproduksjon er aktuelt fôr. Når ein ikkje kan føre laks med slikt fôr, så vil vi t.d. vite om det er greitt å bruke slikt fôr når ein har ei lakseførande elv som Surna som nabo. Jo meir laks ein kan føre opp på soya, jo meir marint fôr blir det tilgang til for tamtorskerksemnda. Det høyrast jo mykje betre ut enn om tamtorsken et soya, men er det kanskje ikkje. Viss det er andre fiskeressursar næringa har sett seg ut, er det nødvendig å få gjort ei vurdering av kor mykje ressursar ein kan ta ut før andre artar blir vesentleg påverka. Her må ein også ta høgde for at det kan bli mange svoltne tamtorskar i framtida, så mange søknader som ein no ser.

4. Utslepp

Søknaden verkar vag på kva utslepp det er tale om. På møtet i Sunndal blei det opplyst at ein kg fôr blir til ein kg torsk. I så fall kan vel ikkje denne tamtorsken bæsje. Då kan ein sjølvsagt sjå bort frå dette. Viss det likevel er så at tamtorsken bæsjer, så må vi få vite kor mykje det er tale om, t.d. i form av nitrogen og fosfor. Det vil då vere nødvendig å få på bordet meir opplysningar om kor mykje av denne typen utslepp ein reknar med at dette fjordsystemet toler, og kor mykje av «kvota» ein alt har brukt opp på annan måte.

Ved føresetnaden om at tamtorsk bæsjar og ein kg fôr blir ein kg fisk, må det tyde at det er noko næring i fjorden som tamtorsken kjem til å ete. Kva er det? Kva for artar er det då som ikkje lenger får mat? Tar tamtorsken plankton og anna næring i sjøen og gir frå seg fiskebæsj i staden til dei som bur der frå fôr? Det er det vesentleg å få svar på.

5. Avl på torsk og lokale torskestammar

Vi har sett gjennom 50 år at tamlaks er noko anna enn laksen i vill tilstand. Ved utval får tamlaksen andre eigenskapar. Så lenge tamlaksen ender på middagsbordet utan å ha rota det til med vill laks på veggen, så treng det ikkje vere eit problem. Så snart tamlaks blander seg med den ville, så har ein fått ein negativ verknad.

Vi er overtydde om at ein vil sjå det same med tamtorsken. Det blir opplyst at ein no har 6. eller 7. generasjon tamtorsk.

Sidan kysttorsken har forskjellig genetikk etter kvar han held til, dvs. forskjellige stammar, vil det då bli eit problem både at han kan bli utsett for blanding med ein tamtorsk som er avla på, men også at det blir blanding av fleire lokale kysttorskstammar.

Vi har ikkje sett teikn til at tamtorskverksemda har tenkt å bruke 1. generasjon aktuell kysttorsk i staden for den dei har avla på. Her er det noko som må utgreiast grundig, slik at ein kan unngå problema som har oppstått med tamlaksen.


6. Kampen om sanninga

Førekost av ålegras kan vere eit moment. Finst det i området, slik at ein må ta omsyn til det?

Artskart	Gadus	Naturvernforbundet
Næraste førekost av ålegras er registrert i Torjulvågen.	Det er ikkje ålegrasførekostar der Gadus søker. (Side 7 i dokumentet «Gadus Group AS sine vurderinger av risiko for påvirkning av villtorsk fra oppdrettsanlegg»)	Når dei kjente førekostane i Stangvikfjorden er ved Kanestraum og Torjulvågen, er det sannsynleg at ein ikkje har gjort noka systematisk undersøking av ålegrasførekostar lenger inn i fjorden. At det ikkje er naturtypelokalitetar innafør Brøskja-Aksneset peikar i same retning. Det er ikkje usannsynleg at det finst ålegras mellom Åsprong og Meisingsetvågen, ved Neslandet/Nesøya eller i fjordbotnane. Til ein veit noko om dette, må ein ta høgde for at det finst ålegrasenger som kan bli påverka.

Det er ikkje sannsynleg at det er ålegras innanfor avsett lokalitet i sjøarealplanen, men det er mogleg at det finst slike førekostar mindre enn ein kilometer unna. For oss ser det ut som kartlegginga er gjort i fjordområde der lakseoppdrett er aktuelt. I resten av fjordsystemet er dette ikkje sjekka ut. Når søker handsamar kunnskapen om ålegras på denne måten, kan ein sjølv sagt kome i tvil om Gadus arbeidar på same måten også når det gjeld andre saksfelt i denne saka.

Når det gjeld førekost av tareskog er situasjonen omtrent den same når det gjeld kartleggingsstatus.



Naturbase, med førekostar kartlagd med DN-handbok 19. Skjermdump 30.1.2022.

Uavhengig av ein konsekvensutgreiing eller ikkje, meiner Naturvernforbundet at denne søknaden må få avslag alt no. Det går på kva som er kjent når det gjeld tamtorsken sin moglege påverking av vill torsk.

Vi opplever ved å lese Havforskningsinstituttet (HI) sin rapport <https://www.hi.no/hi/nettrapporter/rapport-fra-havforskningen-2021-22> og samanlikne dette med kva Gadus seier om same tema at dette ikkje heng saman.

Det går igjen i HI sin rapport at kysttorsken består av små stammar som generelt ikkje har det veldig bra. Særleg dei små stammane vil vere utsette om dei blir utsett for påverknad frå tamtorsk.

Vidare seier HI: *Genetiske interaksjoner mellom domestisert oppdrettsfisk og ville populasjoner er godt dokumentert og representerer en av de største utfordringene for et bærekraftig havbruk (Bekkevold m.fl. 2006; Taranger m.fl. 2015; Forseth m.fl. 2017; Glover m.fl. 2017).*

Vidare:

I motsetning til laksen vil torsken kunne gyte i merdene. Gyteatferd hos torsk involverer trolig partnervalg med kurtise (Karlsen & van der Meeren 2013), og det er observert at torsk kan gyte i små vannvolum (van der Meeren & Ivannikov 2006). Det er videre påvist at befruktede egg fra oppdrettstorsk vil unnsnippe merdene og overleve til kjønnsmoden torsk som igjen vil bidra til gyting på lokale gytefelt (Jørstad m.fl. 2008; van der Meeren m.fl. 2012). En studie med genetisk merket torsk i et kommersielt oppdrettsanlegg i Norddalsfjorden ved Florø påviste larver og yngel av torsk med den genetiske markøren i og ved gyteområder opp til 19 km unna anlegget, men grunnet rømmingsepisoder fra anlegget var det ikke mulig å si om dette var avkom fra gyting i merd eller fra rømt torsk (Jørstad m.fl. 2014).

Til sist i kap 7 i påverkingsdokumentet seier Gadus om det same:

Vi har gjennom dette dokumentet henvist til et bredt utvalg av forskning og tilgjengelig kunnskap. Felles for alle er at det ikke foreligger noe kjent forsøk eller forskningsmateriale som har kommet til at egg fra gyting i merd fra oppdrettsanlegg med torsk til slutt har en levedyktig yngel, som igjen overlever til kjønnsmoden alder og finner tilbake gytefelt og gyter sammen med villtorsk. Dette på tross av at det fra 2003 til 2016, ifølge [Nofima 2018](#), ble satt ut totalt 97.2 millioner yngel av torsk fra

Når HI ser det som svært sannsynleg at i alle fall nokre individ med opphav i tamtorsk får til å gyte, så ser Gadus på det som heilt umogleg.

Der Gadus kan sjå på 1 av 100 som ubetydeleg ser truleg HI det som eit potensiale for at det kan få verknad på noko sikt. I Gadus sitt dokument om påverking av vill torsk ser ein igjen denne tilnærminga fleire gongar. Dette syner ikkje veldig godt, men det er tale om risiko for at ein roter det til med lokale stammar av kysttorsk. Det er noko av det same som for laksen har ført oss dit vi er i dag.

Det blei opplyst på folkemøtet at dei no avlar på 6. og 7. generasjon torsk, som har betydeleg endra åtferd samanlikna med laksen i fjorden. Kysttorsken som er den som blir næraste nabo til merdene har litt forskjellar etter kvar på kysten ein er, slik at det vil vere feil å flytte kysttorsk frå ein region til ein annan. Korleis skal dette gå i hop? Vil det seie at ein no skal fange kysttorsk ulike stader, som det blir avla på ein del år før dei er avla like langt som den torsken ein no vil ta i bruk? Naturvernforbundet er

ganske viss på at dette ikkje vil skje. Dermed får ein risiko for blanding mellom tamtorsk og vill torsk, og frå forskjellige område i tillegg. Dette har stort potensiale til å gå minst like gale som med laksen.

Den torsken som står under merda og blir utsett for same fôr og same lysregime som tamtorsken i merda, vil dei likevel ikkje få same gyterytmene som naboen på andre sida av nota?

Fisk som rømmer og som trass i alle skavankar den har fått ved foredling likevel lever over eit år i sjøen, vil den etter kvart følgje rytmen til den ville torsken og gyte saman med denne?

Det blir ein del stader brukt omgrepet «ikkje uakseptabel risiko», «minimal risiko» og «lav sannsynlighet». Ein risiko vil bli oppfatta ulikt som følgje av at ulike partar kan ha ulike interesser. Eit firma som vil drive torskeoppdrett som næring kan nok ha ein annan oppfatning av dette enn mange andre. Det viktigaste ein les av dette er at det finst ein risiko.

Det blir vist til at tamtorsken i merda har dårlegare føresetnader for eit liv i fjorden enn det den ville fisken har, og følgeleg mindre risiko for å blande seg med den ville torsken. Vi har vel sett noko av det same med tamlaksen. For laksen har jo problemet blitt stort. Det er difor noko som seier oss at dette truleg blir eit problem også for torsken. Det kan vere det ikkje går så fort, men litt forskjellige hendingar her og der til saman over nokre år vil truleg ha verknad, og då er det ikkje greitt.

Elles tenkjer vi om dette at dette har med fiskevelferd å gjere. Å putte torsken inn i ei merd fører altså til at denne fisken får dårlegare eigenskapar på ulike område. Å temme torsken fører altså til ein fisk med svakare føresetnader til å overleve. Omfanget av fiskedød i tamlaksanlegg har vore langt høgare enn tilsvarende i vanleg norsk husdyrhald. Vi ser ikkje teikn til at det vil bli lågare tap for torsk enn for laks på noko sikt. I så fall er dette ein såpass stor negativ faktor at det er vanskeleg å godta, langt mindre godta at store fordelar for eigar skal gjere at ein kan oversjå dette.

Det blir vist til at ein ved hjelp av lys vil hindre at torsken gyter i merda. Det vil seie at i tillegg til andre påverkningsfaktorar så vil ein også få lys som ikkje følgjer naturleg rytme knytt til oppdrettslokaliteten. Når lys kan påverke fisk i merd, vil ein lett kunne tenkje seg at ein også kan få verknad på andre organismar i området dette lyset når. Det er i alle fall klart for oss at lysbruken ikkje berre kan stå på positiv side i rekneskapen, men også førast opp på negativ side, i beste fall med ein god slump med føre var-faktor.

Rømming av tamtorsk reknar vi med vil skje, på line med rømmingar frå lakseanlegg, same kva slags Norsk standard ein følgjer. Sjølv om denne tamtorsken har store vanskar med å formeire seg, så er det like fullt problematisk sjølv om det ikkje skjer i stor grad. Over tid vil den ville torsken få nokre genetiske påverknader som gjer denne torsken mindre eigna for eit liv i naturen. Det vil vere ille nok at tamtorskpåverka individ ikkje lenger er ein del av bestanden som fører livet vidare.

Side 18, nedst

vekstfôrdiett. Dette forsøket resulterte i 0% overlevelse av yngel, sammenlignet med en overlevelsesrate på ca 30-40% observert ved bruk av stamfiskfôr (referert til i Dialogmøte om torskeoppdrett med blant annet Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet). Gadus har valgt en fôrstrategi i matfiskanlegg der vi sammen med en fôrleverandør har utviklet et skreddersydd matfiskfôr med en svært høy grad av marint innhold. Dette vil være bedre enn tradisjonelt vekstfôr, men fremdeles ikke tilsvarende som stamfiskfôr, da det mangler mange av de essensielle ingrediensene som finnes i stamfiskfôr.

Viss ein manglar fôr og tar stamfiskfôr i staden, kva skjer då?

Dette ser ut som medvite feilernæring av husdyr? Eller er det ei form for kjemisk kastrering?

Det kan verke som Gadus har så gode system at dei ikkje vil få sjukdom på fisken sin. Vi kan ikkje sjå noko anna enn at tamtorsken vil bli utsett for sjukdom og ymse plager. Det er slik naturen er der ein har ein konsentrasjon av ein art. Det er sannsynleg at vill torsk som held seg nær merdene i periodar kan bli smitta, og at dei kan ta med seg dette til bestandane av vill torsk. Dette er klart negativt.

Vi veit at andre vil seie ein del om fjordis som truleg vil gjere det umogleg å unngå øydelegging av merder. Dette må bli eit sentralt moment som krev grundig vurdering. Det reknar vi med blir tatt opp så grundig at vi ikkje går nærare inn på det.

Vi reknar med at det vil kome fram opplysningar om lokale fiskeplassar frå lokalkjente, så vi går ikkje nærare inn på det heller.

Konklusjon:

Oppdrett av torsk er på mange måtar ei ny næring. Det er mykje vi ikkje veit om korleis denne næringa kan påverke naturen. Den viktigaste kunnskapen vi har er skaffa gjennom 50 år med oppdrett av laks. Med dei problemstillingane som har blitt synlege i lakseoppdrett, er det tydeleg at ein skal gjere ein del ting annleis med torsk. Det er difor eit etter måten stort behov for kunnskap. Denne kunnskapen må andre enn næringa sjølv skaffe. Difor er det eit stort behov for konsekvensutgreiing i saker som denne.

Søkjjar har nok ikkje tala heilt sant om tamtorsken sin påverking av vill torsk. Ein kan ikkje ta sjansar med den ville torsken og ikkje med selskap som er uryddige med fakta.

Som følge av ei rad søknader om liknande lokalitetar i Møre og Romsdal for tida har Naturvernforbundet i Tingvoll avtala at fylkeslaget skriv fråsegn i denne saka.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær